



Jeanett Straumøy Chetty
Holsbergstien 48
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/574 - 15/19041

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
22.10.2015

Holsbergstien - Merknader knytt til ferdigattest og rekkefølgekav

Det vert vist til tidlegare korrespondanse i saka, sist ved dykkar skriv dagsett 7.10.2015 og tilsendt kopi frå kommunen av svarbrev av 22.10.2015 til velforeininga i Holsbergstien.

Merknadene dykkar knytt til etablering av gatelys og moglege konsekvensar for kommunen sitt høve som bygningsstyresmakt til å nekte å gi ferdigattest er vurdert av administrasjonen. Vilråa for å gi ferdigattest etter søknad frå den einskilde tiltakshavar følgjer av pbl § 21-10. Kommunen kan ikkje førehandsbinde seg til utfallet av ei slik handsaming, men dette må vurderas gjennom einskilde vedtak som kan påklagast etter forvaltningslova. Kommunen meiner likevel at dykkar krav på ferdigattest ikkje vert svekka ved at midlar frå fondet nyttast til gatelys. Dette fordi ein har vurdert vilråa for ferdigattest oppfylt ved innbetaling av beløpet på kr 24 000,- og ikkje faktisk opparbeiding av gjenståande leikeplass. Denne praksis vil kommunen uansett måtte følgje også i framtida.

Som opplyst i nemnde skriv til velforeininga av 22.10.2015, reiser bruken av midlane til gatelys og grunngevinga for dette snarare spørsmål om dette bør få konsekvensar for kommunen sitt standpunkt om å nekte ferdigattest til einskilde bustader i området med tilvising til rekkefølgekav. Den rettslege posisjonen til dei eigedomane det gjeld er soleis ikkje svekka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jeanett Straumøy Chetty
Therese Lyngbø Kvalvåg

Holsbergstien 48 5918
Holsbergstien 46 5918

FREKHAUG
FREKHAUG